



Enehaug Arkitekter AS  
Cappes vei 10C  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/724 - 21/11882

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
22.02.2021

## Ferdigattest vertikaldelt tomannsbustad - gbnr 321/86,103 Dale nedre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 248/21  
**Tiltakshavar:** Paal Tønning, Joar Åsnes  
**Ansvarleg søkjar:** Enehaug Arkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gbnr 321/86,103. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.03.2004. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.01.2021.

### Skildring

Adresse:	Dalemarka 63A
Bygningstiltak:	Vertikaldelt tomannsbustad
Bygningsnummer:	21170143
Bruksareal:	130m <sup>2</sup>

Adresse:	Dalemarka 63B
Bygningstiltak:	Vertikaldelt tomannsbustad
Bygningsnummer:	21170135
Bruksareal:	169m <sup>2</sup>
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/724

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Enehaug Arkitekter AS	Cappes vei	5018	BERGEN
	10C		
Joar Åsnes	Dalemarka 63 B	5918	FREKHAUG
Paal Tonning	Dalemarka 63	5918	FREKHAUG
	A		